

**Hareid sokneråd/fellesråd
v/ leiar Gunmar Grimstad**

Hareid, mars 2017

Om Hareid bedehus

Forhandling med Hareid sokneråd om endring i eigartilhøva for bedehuset.

I dei seinare åra har framtida til Hareid bedehus vore omsnakka i meir eller mindre formelle fora.

At Hareid indremisjonsforeining ikkje er i drift lenger har framskunda saka. Sameleis opplever Hareid KFUK-KFUM at det vert stendig verre å få medlemer til å gå inn i styrande organ, deriblant bedehusstyret. Ungdomslaget har td berre 2 medlemer i bedehusstyret, medan lovene seier at der kan vere 3. På denne bakgrunn har eigarane bede styret ta kontakt med Hareid sokn for å få i gang samtale om framtidig drift av huset. Styret har så peika ut Arild Grimstad og underteikna til å gå i dialog med soknrådet.

Vi ber derfor om å få eit møte med noken frå soknerådet, for eksempel leiar og nestleiar og kyrkjeverge. Vi vil sette pris på om de kan foreslå tidspunkt for møte.

Venleg helsing

Lidvar Grimstad